

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 31.10.2023

MØTESTAD: Helse Vest RHF, Forus

Deltakarar frå utvalet

Olin Johanne Henden	Leiar
Oddvar Martin Kaarbøe	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar internrevisjonen Bjørn Munthe
Internrevisor Sara Svela

Deltakarar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Andre deltakarar

Rådgiver administrasjonsavdelingen Randi Nisja Heskestad (i sak 42/23)
Rådgiver fagavdelingen Kristin Grødem (i sak 42/23)

Sakliste:

Sak 39/23 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 40/23 B	Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 05.09.2023
Sak 41/23 O	Status på internrevisjonen
Sak 42/23 O	Leiinga sin gjennomgang i Helse Vest RHF 2023
Sak 43/23 O	Revisjonsplan 2024-25 – status
Sak 44/23 O	Internrevisjon - Brukarmedverknad i helseføretaka
Sak 45/23 B	Eigenevalueringa frå revisjonsutvalet 2023
Sak 46/23 B	Utkast: Ein meir effektiv og dynamisk internrevisjon
Sak 47/23 O	Nye skriv, meldingar og artiklar med relevans for revisjonsutvalet
Sak 48/23 O	Eventuelt

Sak 39/23 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 40/23 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 05.09.2023

Oppsummering:

Førebels protokoll blei formidla til medlemmane for kommentarar etter møtet. Ingen merknader til sjølve protokollen.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 05.09.2023.

Sak 41/23 O Status på internrevisjonen

Oppsummering:

For prosjekt i arbeid, brukarmedverknad i helseføretaka opplyste internrevisjonen at rapporten er sendt på høyring til administrativ leiing i helseføretaka, kontaktpersonane for revisjonen, styreleiarane i føretaka, sekretærene og dei intervjuar brukarrepresentantane for å kontrollere faktagrunnlaget. Frist for tilbakemelding er 31.10.23 og internrevisjonen vil behandle tilbakemeldingane før endeleg rapport blir sendt over.

Internrevisjonen greia ut om førebunde arbeid til andre prosjekt i revisjonsplan, og andre oppgåver den komande tida mellom anna at dei skal halde kurs for om lag 25 tilsette i Helse Førde HF om internrevisjon 8.-9.november.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til vitende.

Sak 42/23 O Leiinga sin gjennomgang i Helse Vest RHF 2023

Oppsummering:

Kristin Grødem og Randi Nisja Heskestad heldt ein presentasjon om leiinga sin gjennomgang. Gjennomgangen til leiinga viser rammeverket for verksemdsstyring i Helse Vest. Prosessen og kven som er ansvarleg for alle område og steg undervegs er teikna opp. Leiinga sin gjennomgang inkluderer tiltak for kvart område. Desse skal følgast opp av den ansvarlege for det enkelte området. Noko som er nytt frå tidlegare år er at ein i årets gjennomgang har synleggjort korleis tidlegare tiltak er følgt opp. Revisjonsutvalet stilte spørsmål undervegs, og gav avslutningsvis uttrykk for at arbeidet har ei god retning.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tek saka til vitende.

Sak 43/23 O Revisjonsplan 2024-25 - status

Oppsummering:

Internrevisjonen har satt i gang arbeidet med å få innspel til ny plan for internrevisjon for 2024-25. Internrevisjonen har sendt brev med oppmoding om innspel til dei fem HF-a, Helse Vest IKT AS, RHF-et og regionalt brukarutval. Frist for å kome med innspel er 20.november.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til vitende.

Sak 44/23 O Internrevisjon – Brukarmedverknad i helseføretaka

Oppsummering:

Leiar av internrevisjonen, Bjørn Munthe, presenterte hovudpunkta i rapporten. Revisjonsutvalet synes rapporten er omfattande og god. Det er gjort viktige funn som krev oppfølging. Utvalet slutta seg til anbefalingane i rapporten.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar rapporten til vitende, og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Sak 45/23 B Eigenevaluering frå revisjonsutvalet 2023

Oppsummering:

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF gjennomførte si årlege eigenevaluering for andre år. Evalueringa blei gjennomført ved at det på førehand blei utsendt eit spørjeskjema som var likt som i fjor, og punkt som utvalet skulle førebu seg på. Utvalet har ei meir positiv sjølvvurdering enn i fjor. Samtidig er det alltid rom for forbedring. Samarbeidet med internrevisor og internt i utvalet er godt. Utvalet har også lagt inn eit ekstra møte kvar haust, slik at det no er seks faste møte per år mot fem tidlegare. Dette er gjort for å ha anledning til å gå djupare inn i forhold kring økonomi- og risikostyring.

Revisjonsutvalet diskuterte også at dei ønsker at alle sakspapir frå møta i revisjonsutvalet skal leggst ut på nettsida i føretaket sidan møta til utvalet er opne.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet stadfestar at den årlege eigenevalueringa er gjennomført. Utvalet noterer seg dei identifiserte styrkane og moglege forbettringsområde. I den krevjande økonomiske situasjonen som føretaksgruppa er i, er det viktig at utvalet har auka fokus på økonomi- og risiko-styring, og nyttar det ekstra møtet til å gå djupare inn i analyser knytt til desse tema. Revisjonsutvalet ønsker at alle sakspapir frå møta i revisjonsutvalet skal leggst ut på nettsida i føretaket.

Sak 46/23 B/O Utkast: Ein meir effektiv og dynamisk internrevisjon

Oppsummering:

Leiar av internrevisjonen presenterte saka med tilhøyrande utkast til sak til styret i Helse Vest RHF.

Revisjonsutvalet diskuterte saka, og det blei understreka at dagens arbeid er bra. Dagens rapportar frå internrevisjonen blir oppfatta som både analytisk gode og med tydelege tilrådingar til oppdragsgivar.

Dagens revisjonar er vidare omfattande og har som regel ei rekke underproblemstillingar. Dette medfører at revisjonane er ressurs- og tidkrevjande, samtidig gir de Helse Vest og føretaka ei god innsikt i dei løfta problemstillingane, kombinert med konkrete tilrådingar som skal bidra til å redusere dei utfordringa som blir avdekt i revisjonane. Skal internrevisjonen rekke over fleire revisjonar, om det er målet, så må detaljrikdommen justerast ned. Det er ein balansegang i å halde på ei høg detaljgrad då desse gir ein annan type forståing. Samtidig blei det diskutert at internrevisjonen må skape ei større verktøykasse, det må vere rom for mykje av det vi utfører i dag samtidig som vi gir rom for å gjennomføre stadfestingsrevisjonar og prøver ut vignettrevisjon som metode.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet meiner at den typen revisjonar som tradisjonelt sett er gjennomførte frå internrevisjonen i Helse Vest gir stor verdi i føretaksgruppa og fungerer godt. Utvalet ser samtidig at desse er ressurs- og tidkrevjande. Som eit supplement kan det vere tenleg å gjere stadfestingsrevisjonar ved bruk av såkalla vignettrevisjonar og/eller kortare kontrollar og analysar. Revisjonsutvalet synest notatet er godt og kan leggst fram for styret til drøfting.

Sak 47/23 O Nye skriv, meldingar og artiklar med relevans for revisjonsutvalet

Oppsummering:

ECIIA sin rapport «Risk in Focus» for 2024 var lagt med i sakspapira, og i møtet samanlikna ein Helse Vest RHF sine topp 5 risiko mot desse. Utvalet noterer seg at dei to øvste risikområdene i «Risk in Focus» også er å finne i Helse Vest si Topp 5 risiko.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til vitande.

Sak 48/23 O Eventuelt

Oppsummering:

«Ekstern revisjon 2023» blei spelt inn til eventuelt. Revisjonsutvalet diskuterte spørsmål som vil vere relevant å stille til ekstern revisor i desember når interimrevisjon blir lagt fram.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar sakene til vitende.

31.10.2023

Ref. Bjørn Munthe

Olin Johanne Henden (Leiar)

Oddvar Martin Kaarbøe (Medlem)

Wenche Kristin Røkenes (Medlem)